

Letta over utfallet

– Det er heilt utruleg at det ikkje er gått med menneskeliv.

Af Heidi Eikremsvik

Ole Vidar Lunde meinte at høgspintlina som den franske seglbåten hadde rent ned, var forskriftsmessig merka med skilt på begge sider. Sjølv om det står 15 meters høgde, går gjerne lina endå litt høgare. Ifølgje Lunde har Fitjar Kraftlag gjort det dei skal for å merka linene.

– Men når det stadig skjer liknande uhell som dette, må me nok til hausten setja oss ned og ta ein alvorleg diskusjon.

Han var letta over at ingen omkom etter møtet med 22.000 volt, og vedgjekk at det lett kunne gått mykje verre. Sjefen i Kraftlaget rekna med at straumen ville bli borte nokre timar til dei fekk reparert skaden.



Fem siglarar med flaks. Frå venstre: David Burden, Dinesh Visavadia, Gunver Emiv og Yann LeGars. Framme: Alan Barue. FOTO: HEIDI EIKREMSVIK